

# KUNST PÅ CAMPUS BERGEN


ART AT BERGEN  
CAMPUS



KUNST PÅ CAMPUS  
BERGEN

K  
O  
N  
S  
T

ART AT BERGEN  
CAMPUS









28  
VARIG  
PERMANENT

110  
TIDSAVGRENSET  
TRANSIENT

176  
SAMLING  
COLLECTION

# Oppdag kunsten på Campus Bergen på Kronstad

Denne boka om kunsten på Campus Bergen er ei gáve til høgskulens mange tilsette, studentar og gjestar. Gjennom bilete og tekst vil vi invitere deg til å sjå kunsten som ein finn i lokalane på Kronstad.

Nokre av verka har du kanskje allereie lagt merke til: Den store teikninga på fasaden, laga av perforerte aluminiumsplater som dekker ytterveggane, skapt av Anne-Gry Løland, eller det runde prismet i vindauget mellom foajeen og hagen, laga av Lutz-Rainer Müller og Stian Ådlandsvik. Dette er to av ein rekke kunstverk og prosjekt skapt til og for høgskulen og Campus Bergen.

Eitt av verka er meir unseleg og samtidig meir aggressivt enn dei andre. Snorre Ytterstad har rissa ein halvsirkel på kvar side av eit hjørne i idrettsbygget. Sporet i gipsplata står som eit primitivt teikn etter kunstnaren, som forma sirkelen som danna seg då han stod inntil hjørnet av veggen sommaren 2014 og lèt armane svinge på kvar si side.

Det rivne sporet signaliserer både orden og øydelegging. At eit kronestykke er involvert i verket, er vesentleg. Er det ein kapitalismekritikk?

I konteksten av ein høgskule oppstår eit ekstra tolkingslag. Meiner kunstnaren at utdanningssystemet fangar studentane inn i rigide system? Eller kan ein tolke det dit at det i kvar einaste situasjon er to polar: grunnleggande former for orden og samstundes motstand, individualitet og aggresjon?

Eg nemner verket til Ytterstad fordi det viser kva for utfordringar og moglegheiter ein står overfor når eit offentleg bygg skal få sin kunst. Kunstnarane går inn i ein samanheng der dei har ein heilt bestemd situasjon å spele på, både formalt og tematisk. Planlegginga må ta mange omsyn, både i samband med aktiviteten på høgskulen og funksjonen til bygga og anna kontekst. I dette møtepunktet blir ny kunst til. Ofte ligg det derfor svært lange og komplekse prosessar bak vala.

Allereie i 2010 starta arbeidet med kunsten på Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen på Kronstad. Då var første byggetrinn under oppføring i tilknyting til dei tidlegare verkstadlokala til Noregs statsbanar. Då andre byggetrinn

blei ferdig hausten 2020, var ein ti år lang prosess tilbakelagt. Saman med arkitektar, byggherre og representantar for høgskulen har kuratorane Sissel Lillebostad og Trond Hugo Haugen, oppnemnt av KORO, og kunstutvalet diskutert seg fram til kva for grep som ville eigne seg i bygga som var under oppføring. Deretter følgde arbeidet med å få inn kunst gjennom utlysing av konkurransar, invitasjonar og innkjøp. Kunstnarane som har laga verk på oppdrag, har arbeidd med dei aktuelle romma for auge. Dei har sett seg inn i konteksten og skapt eit uttrykk som eit kunstnarleg svar til akkurat denne situasjonen.

Kvarden på ein travel høgskule handlar om veldig mykje anna enn å sjå på kunst. Og sjølv om den offentlege kunsten kan vere omgitt av menneske på alle kantar, kan den risikere å bli oversett. Ein kan gå forbi eit kunstverk i fleire år utan å legge merke til det eller bli så van til det at ein rett og slett sluttar å sjå verka. I slike situasjonar kan kunsten trenge peikarar. Noko som seier: Sjå her.

Denne boka er ein slik peikar. Den viser kunsten som er på Campus Bergen, og fortel om planlegginga av den. I ein lengre tekst får vi tankar bak utvalet av kunstnarar og plassering av verk og om dei premissane kunstnarane fekk å arbeide innanfor då dei laga verka. Boka gir òg eit innblikk i dei ulike kunstverka gjennom tekst og bilete. Tanken er at du, enten du er student, tilsett eller gjest, skal få lyst til å rive deg laus frå dine daglege gjeremål og rette merksemda mot kunsten som er i bygga kor du arbeider, eller som du besøker.

Mange av kunstverka på Campus Bergen er varige og lar seg oppleve på staden. Boka fortel òg om dei tidsavgrensa kunstnarlege prosessane som har funne stad i tilknyting til campus og trekker forbindelsar mellom desse og dei varige verka.

Vi håper at boka kan bidra til at studentar, tilsette og gjester på Kronstad retter merksemda mot den rike og varierte kunsten som er her i deira nære omgivnad, og at den opnar nokre fleire dører inn til ein breiare forståing av den.

— Ingvill Henmo, redaktør

# Discover the art at Bergen Campus, Kronstad

This book about the art at Bergen Campus, of the Western Norway University of Applied Sciences is a gift to the college's many staff members, students and guests. Through pictures and texts it invites you to discover the art to be found in and around the Kronstad buildings.

You may have already noticed some of the works: the expansive design on the façade, made from perforated aluminium panels that cover the outer walls, the work of Anne-Gry Løland; or the circular lens made of prisms in the window between the foyer and the courtyard, created by Lutz-Rainer Müller and Stian Ådlandsvik. These are two of a number of works of art and projects developed for the college and Bergen Campus.

There is one work that is less conspicuous yet more aggressive than the others. In the sports building, Ytterstad has incised semicircles on each of two walls that meet to form a projecting corner. The ragged grooves in the plasterboard remain like a primitive symbol for the artist, who, in the summer of 2014, formed them by standing at the corner of the wall and describing arcs with arms outstretched on either side.

The rough channels suggest both order and destruction. To understand the work, it is essential to know that it was made using a modified one krone coin. Is it a critique of capitalism?

In the context of a college of higher education, an extra layer of meaning arises. Might the artist be suggesting that the educational system traps students in a rigid system? Or is he reminding us that there are two aspects to every situation: fundamental forms that indicate order, yet at the same time resistance, individuality and aggression?

I mention Ytterstad's contribution because it illustrates the challenges and opportunities one encounters when selecting art for a public building. The artists enter into a context where they have highly specific references to play on, both formally and thematically. Planning has to take many things into consideration: the activities of the college, the function of the buildings, and more besides. At this intersection of factors, new art comes into being. Consequently, the choice of works often involves long and complex deliberations.

The process of choosing the art for Bergen Campus at the Western Norway University of Applied Sciences began as early as 2010. By that point, the first phase of construction, involving the makeover of some former national railway workshop sheds, was already underway. The completion of

the second phase in autumn 2020 brought a ten-year process to an end.

Together with the architects, the commissioning authority and representatives of the college, curators Sissel Lillebostad and Trond Hugo Haugen, appointed by KORO (Public Art Norway), discussed the kind of artistic interventions that would be appropriate for the buildings under construction. This was followed by the process of procuring the actual works through artist competitions, invitations, and purchases. Each commissioned artist has worked with a specific space in mind. Having familiarised themselves with the context, they delivered concepts that constitute artistic responses to unique situations.

Everyday life at a busy college is about much more than looking at art. And although public art is frequently situated where human activity is intense, there is always a risk of it being overlooked. You can walk past an artwork every day for years without noticing it, or get so used to it that you simply stop looking. In such a situation, the art may benefit from a prompt. Something that says: Look here!

This book is just such a prompt. It presents the art of Bergen Campus and describes how it was planned. The main essay explores the thoughts behind the selection of artists and locations, and the constraints under which those artists worked. The book also provides insights into the actual works through text and image. It is our hope that we can persuade you – whether a student, a member of staff, or a visitor – to tear yourself away from your scheduled activities and to direct your attention to the art to be found in the buildings where you work or that you happen to be visiting.


Many of the artworks at Bergen Campus are permanent and can be appreciated in their respective locations. But the book also describes short-term artistic projects that have taken place in the campus setting and illuminates how they relate to the permanent works.

It is our hope that this book will help students, staff members and guests at Kronstad to focus attention on the rich and varied art that adorns this working environment and that it will open further doors to a deeper appreciation of the individual works.

— Ingvill Henmo, editor

# Arbeidet med kunsten på Kronstad

Sissel Lillebostad og Trond Hugo Haugen



Sveinung Rudjord Unneland under montering, juni 2014.

## Bringing the Art to Kronstad

NO Ei vegteikning som strekkjer seg i heile lengda av ein 60 meter lang underjordisk korridor, nokre såpebobler pulsar ut over myldresona kvart 5. minutt, ein podcast om det grøne skiftet, ei lydvandring, folie på glasflater med skriftteikn frå munnlege språk i Etiopia – dette er nokre av kunstverka på Campus Bergen på Kronstad, Høgskulen på Vestlandet (HVL). Dei enkelte kunstverka omtalaast nærmare i eigne avsnitt. Underveis i teksten ser vi nærmare på vala vi tok, og forankringa til HVL.

På Campus Bergen trør kunsten inn på ein arena som bygger på ein lang og sjølvmedvete tradisjon der profesjonsforståinga står sterkt. Jordmorutdanninga vart etablert i 1860, ingeniørutdanninga har røter heilt tilbake til 1772, med toårig utdanning frå 1875, lærar-utdanninga vart etablert i 1953 under namnet Statens lærerskoleklasser i Bergen. Alle fusjonerte som del av høgskulen i 1994. HVL målber verdiar der ambisjonen er å utdanne gagns menneske – eit nyttig, grundig og fullt ut menneske som gjennom sitt virke og samfunnsengasjement gjer ein positiv forskjell. Utdanningsinstitusjonane opererer i eit pågåande samspel med samfunnet og bidreg aktivt til å forme vår tid, dei er brubyggarar mellom det vi kan, og det vi enno ikkje veit noko om. Dei tek vare på oppsamla kunnskap og held den oppdatert med ny forsking.

Kunstverka på campus inngår i det store puslespelet som utgjer ein travel høgskule. Kunst er, om vi måler på ein funksjonsskala, utan direkte nutte. Samstundes er det vanskeleg å sjå for seg eit samfunn utan kunst i nokon form. Kunsten er òg kjend som eit felt der kunnskap frå alle andre område fritt vert teken i bruk. Til skilnad frå vitskapleg forsking treng ikkje kunst å beleggje praksis med bevis, og det er heller ikkje naudsynt å stadfeste noko sanning. Men blant det som kunst og vitskap deler, er evna til å stille seg undrande til alt. Undring og tvil er naudsynte motorar i undersøkande og kritiske prosessar – grunnlaget for all utdanning og utforskning og ikkje minst – fagleg refleksjon.

Eit kunstutval, sett saman av representantar for høgskulen (rektor og ein student), ein frå arkitektane, ein frå Statsbygg og to kunstkonsulentar, starta det felles arbeidet 18. mai 2010. Målet var å utarbeide ein samla kunstplan, der både høgskulen, arkitekturen og framdrift med budsjett var gjort reie for. Endelege val av kunstnarar og prosjekt gjorde vi i fellesskap. Kostnadsramma for kunsten var 16 mill. kroner. Nøkkelorda frå KORO, *Tid til å tenke – Mot til å våge – Evne til forankring*, ga utvalet ein modell for framdrifta. Rett nok utfordra arkitekt og brukar modellen allereie første dag, forankring (av fasaden som prosjekt) vart det ikkje tid til, av di framdrifta kravde at fasaden måtte handterast med det same. Med dette krevjande prosjektet kasta utval og kunstnar seg ut i ukjend terrenn frå dag ein.

KORO, som er statens organ for kunst i offentlege rom, vedtok mandatet for kunstprosjektet i april 2010: *Utdanningsinstitusjonar er sted for faglig refleksjon og personlig utfordring. Kunsten kan på samme vis bidra til økt innsikt samt utvidet forståelse og erkjennelse. Høgskolen i Bergen er derfor et sted der man både kan og bør ta sjanser hva angår kunstens potensial. KORO ønsker derfor at konsulentene skal legge til rette for (et) kunstprosjekt(er) som tar betydelig visuell og/eller kognitiv plass.*

EN A wall drawing that stretches the entire length of a sixty-metre-long underground passage, a few soap bubbles pulsing out across a mingling zone every five minutes, a podcast about the green shift, an audio walk, glass surfaces sprinkled with symbols from oral languages in Ethiopia – these are just some of the artworks that adorn Bergen Campus at the Western Norway University of Applied Sciences (HVL). The individual artworks are discussed in detail in a separate section. This article takes a closer look at the choices that were made and how the works relate to HVL.

At Bergen Campus art enters an arena defined by a long, strong tradition of pride in vocational professions. The institute for midwifery opened in 1860, the one for engineering as far back as 1772, with a two-year programme launching in 1875. A centre for teacher training was established in 1953 under the name “State Teacher Training Classes in Bergen”. All were merged into the current institution in 1994. HVL embodies values associated with training people for socially useful professionals, where the ambition is to form confident, competent and mature individuals who make a positive difference through their work and community engagement. The various training institutions operate in an ongoing interaction with society, actively helping to shape the world we live in, as bridge-builders between current capabilities and what is not yet known. They are guardians of our accumulated knowledge, which they strive to update through new research.

The works of art at campus are elements in the large mosaic that constitutes a busy centre of further education. When measured on a scale of utility, art is of little direct value. At the same time, it is difficult to imagine a society that lacks art of any kind. Art is also known as a field that freely avails itself of knowledge from other forms of human activity. Unlike scientific research, art is not required to justify itself through the provision of evidence, and neither does it seek to confirm specific truths. But one of the qualities art and science share is the ability to approach the world with a sense of wonder. Wonder and doubt are vital driving forces in investigative and critical processes; they are the foundation for all education, research and – not least – professional reflection.

An art committee, consisting of representatives from the college (the principal and one student), one from the architects, one from Statsbygg, and two art consultants, began work on 18 May 2010. The goal was to draw up an art plan that addressed the interests of the college, the architecture, and the budget process. The final selection of artists and projects was a joint decision. The budget for the art was NOK 16 million. A slogan proposed by KORO (Public Art Norway) – “Time to think – Courage to dare – Capacity to connect” – served as a formula for the committee’s work. It was a formula that proved challenging for the architect and the client from day one. There was simply no time to connect (with regard to the façade project), since the building schedule required the façade be dealt with immediately. In the case of this demanding project, the committee and the artist had to run headlong into unfamiliar terrain right from the start.

KORO, the state organisation for art in public space, officially commissioned the art project in April 2010: “Educational institutions are places for professional reflection and personal challenge. In a similar way, art helps to foster insight and to extend understanding and knowledge.

Det er ein draumesituasjon for kunsten når mandatet oppfordrar til å ta plass. I tråd med mandatet utforma utvalet ein kunstplan med tydelege ambisjonar og der kunsten skulle ta plass – men ikkje først og fremst fysisk. Ambisjonen var å utforske dei ytre grensene, kva for ulike posisjonar den offentlege kunsten kunne ha – og ta. Kunstplanen organiserte vi etter motsetningane permanent og temporær, mellom det faste (arkitekturen) og det rørlege og det sosiale. Mellom desse punkta drog vi ei linje, ein akse organiseret etter tid. Enkelt formulert, og forenkla på andre vis, kan vi seie at det første kunstprosjektet, Fasaden, er permanent og fast og det siste, Vågestykke, er temporært og sosialt. Dei varige verka – forbunde med arkitekturen, men ikkje uløyseleg knytt til den – fekk ein plass mellom desse ytterpunktene. Tidsaksen var med dette forma, med sine faste og rørlege element.

Det Campus Bergen som vart tatt i bruk hausten 2014, er sett saman av dei gamle verkstadshallane til NSB, med fellesareala kantine, bibliotek, idrettshall og studenthus, og eit nybygg (K1) som rommar dei nye laboratoria, auditoria, kontor, lesesalar og arbeidsrom. I 2020 opna eit anna nytt bygg (K2) i nordenden av campus. Her finn ein mellom anna senter for læringsforskning og auditorium. Samla vil det røre seg mellom 7000–9000 personar gjennom campus på kvar dagar. Området er nesten som ein liten by, med tilsvarande krav til stabile og trygge rammer para med fleksible løysingar. Det vart tidleg klart at det samla arealet var for lite til den daglege verksemda, husa var – for å seie det enkelt – allereie propfulle av aktivitet. Det tilgjengelege golvarealet måtte haldast opent og fleksibelt, det var ikkje rom for plasskrevjande kunstverk. Vi måtte finne område der kunsten kunne ta stor visuell og kognitiv plass, men som ikkje kravde verdifullt areal. Luftrom og veggjar peika seg ut, til dømes dei såkalla dobbelthøge romma. Dei er sosiale møteplassar ein finn i alle hjørna av K1 som vender mot dei indre hagane, rom med dobbel takhøgde og store vindauge. Veggane vi plukka ut, valde vi ut frå kriteria synleg, samanhengande og, ikkje minst, beskytta. I analysen av lokala på campus vurderte vi framtidig bruk. Kvar kjem det sannsynlegvis ei ombygging eller mellombels parkering av dei stadig vandrande kopimaskinene? Kvar vil kunsten måtte hevde seg i ein situasjon med plassmangel og i konkurransen med naudsynte installasjonar?

#### Varige verk

Allereie på første møtedag sette utvalet i gang arbeidet med fasaden. Det tunge maskineriet som styrer byggjeprosjektet, har si eiga tidsakse, der fasadeverket som eit integrert verk er uløyseleg knytt til bygget og dermed fullstendig underlagt framdrifta. Fordi fasaden skal monterast før dei indre strukturane er ferdige, hasta det med å finne ein kunstnar som kunne løye oppgåva: å tilverke tusenvis av kvadratmeter fasadeplater i sjøvatnsbestandig aluminium til kunstverk.

Utvælt inviterte seks kunstnarar til lukka konkurrans. Vi ønska oss eit kunstverk som kunne bryte med arkitekturens faste rutennett med vertikale og horisontale band forma av vindauge og andre markeringar i fasaden. Eit av dei innkomne forslaga gjorde meir enn det. Ole Jørgen Ness lanserte omfattande grep som famna heile bygningskroppen. Han ville opne veggene med hol som gjekk over

The Western Norway University of Applied Sciences in Bergen is therefore a place where one can and should take a bold approach with regard to the potential of art. Accordingly, it is KORO's wish that the consultants should facilitate art projects that occupy considerable visual and/or cognitive space."

Where art is concerned, it is a dream come true to be asked to occupy considerable space. In line with this requirement, the committee devised an art plan with the clear ambition to do just that – without requiring that the space in question should be exclusively physical. The aim was to explore the outer extremes of public art and the variety of positions it could assume or adopt. The plan was constructed around the contrasts between the permanent and the transient, the fixed (architecture) and the movable and the social. Between these extremes we drew a line that served as an axis of temporal organisation. In the simplest of terms, we can say that the first art project, Fasaden (The Façade), is permanent and fixed, whereas the last, Vågestykke (Ventures), is transient and social. The permanent works – associated with the architecture, but not inseparably linked to it – assumed positions somewhere between these polar points. The time axis was thus effectively defined, between the fixed and the movable elements.

Inaugurated in 2014, Bergen Campus consists of several former national railway workshop halls, repurposed to contain the communal canteen, library, sports hall and student housing, and a new building (K1), which houses new laboratories, auditoria, offices, reading rooms and study spaces. A further new building (K2) at the north end of the campus was opened in 2020. This contains, among other things, a centre for learning research and another auditorium. A total of between seven and nine thousand people pass through the campus on an average weekday. The area resembles a miniature town, and much like a town, it has to function as a safe and stable environment that is also adaptable to changing demands. It became clear early on that the overall area was too small for its routine activities. To put it simply, the building was already working at its limits. The available floor space had to be kept accessible and flexible; there was no capacity for over-sized projects. We had to find locations where artworks could occupy large visual or cognitive spaces without intruding on valuable floor space. Potential solutions included using air space and walls, for example the so-called double-height spaces. Located at each corner of the K1 building, these serve as social meeting places. They look on to atrium gardens, have a double ceiling height and large plate-glass windows. Here we selected a number of walls that offered large, conspicuous, uninterrupted, and – not least – well protected surfaces. In our analysis of the campus, we also considered future use. What parts were likely to be affected by later restructuring? Where was the ever-migrating photocopier likely to end up next? Where would artworks have to contend with space restrictions or to compete with essential fixtures?

#### Permanent works

From as early as its first meeting, the committee began work on the façade. The heavy machinery needed for the construction work imposed its own time axis, and since the artwork at the facade was inextricably integrated with the building, work on it was determined by the construction schedule. Because

fleire etasjar. Utkastet måtte diverse skrotast av tekniske orsakar, men det fekk utvalet til å sjå uforløyte potensial i andre forslag. Utvalet utfordra Anne-Gry Løland til å utvikle sine skisser vidare, og ho utforma teikningar for perforering av dei sentrale gavlveggane og trappetårn. Kunstnar, kurator og arkitekt vurderte dei ulike løysingane saman. Kor mange ulike plater var nødvendig for å skape tilstrekkeleg variasjon? Vi fekk platene testa i vindtunnel for å høyre om hola kunne komme til å plystre. Fasaden det skulle arbeidast med, var enorm, og det kjendest uavvendeleg å bestemme seg. Løland la inn all si tid og arbeidsvilje i den korte og intense perioden før platene vart produsert og montert i samsvar med hennar plan. Dei barokke motiva, med fontener og lubne kjerubar para med moderne konstruksjonselement,

the façade had to be assembled before the internal structures could be completed, it was a matter of urgency to find an artist who could solve the task: to transform thousands of square metres of façade panels made from seawater-tolerant aluminium into an artwork.

The committee invited six artists to participate in a closed competition. We wanted an artwork that would break up the fixed grid pattern of the architecture, with its vertical and horizontal lines of ribbon windows and other façade elements. One of the proposals did more than just that. Ole Jørgen Ness proposed a radical intervention that involved the entire corpus of the building. He wanted to open up the walls with gaps that reached across several floors. Unfortunately, his plan had to be rejected for technical reasons, but it enabled



Campus på Kronstad sett frå vest.

er smidig komponert over dei store endeveggane, det ser mest ut som om dei er kasta over fasaden.

I tillegg til fasaden lyste kunstprosjektet ut to konkurransar, den første om skulens torg og vandrehall: Foajeen.

Av dei innsende forslaga var det eit som stakk seg markant ut. Kunstnaren, Ryan Gander, brukte kunstplanen og skulens verdigrunnlag aktivt i sitt forslag *Katten på Kronstad*. Prosjektet gjekk ut på at ein katt skulle bu på skulens område og bli teken hand om av ein student. I dette låg omsorg både for katten og studenten, den siste ville få eit stipend knytt til kattepassinga. Katten skulle bu i eit eige hus, teikna av Gander, og kunne røre seg over heile campus. Verket var ein augeopnar for kva som kan ligge i kognitivt utfordrande og plasskrevjande verk. Eit enkelt grep med ein katt gjorde at vi måtte revurdere institusjon, bygg, lover. Avgrensingane våre vart brått tydelege. Det ville krevje gjennomgåande tekniske løysingar å la katten

the committee to recognise additional potential in some of the other proposals. The committee encouraged Anne-Gry Løland to refine her own sketches, and she came back with a design of perforations for the central end-walls and the stairwell tower. The artist, curators and architect jointly explored the various solutions. How many different panels would be needed to create sufficient variety? We had prototype panels tested in a wind tunnel to find out whether the holes in them might produce unwelcome noise. The façade to be covered was enormous, and it was essential that a decision be made. Løland invested all her time and energy in the short, intense period before the panels were produced. In due course they were assembled according to her master plan. A motivic system that combines Baroque fountains and chubby cherubs with images of architectural components forms the basis for a flexible composition that covers the large end walls, with the appearance of being draped over the façade.

røre seg uhindra over heile campus, inne og ute. Forslaget var lenge ein favoritt, og utvalet la ned mykje arbeid for å realisere det. Diverse kom dei tekniske avgrensingane i vegen. Likevel, utvalet fekk enda ein augeopnande erfaring. Det fekk oss til å vurdere dei andre forslaga i eit litt anna lys.

Utkastet vi valde til sist, overtydde med ei utforsknings- og samstundes leikande haldning til tid og stad. Lutz-Rainer Müller og Stian Ålandsvik la fram eit kunstverk i tre delar som konseptuelt heng saman: Ei linse sett saman av prismestavar som snur verda på hovudet, ei lampe konstruerer ei «sol» som vandrar over veggen, frå soloppgang til solnedgang, kvar dag, programmert etter døgendet på nøyaktig motsett side av jorda, og ei såpeboblemaskin som bles eit par såpebobler ut i foajeen kvart 5. minutt. I det moderne prosjektet, som kan seiast å vere fundamentet til vårt verdssyn, er linsa sentral i korleis verda blir sett og forma. Såpebobla er symbol på vanitas, ein metafor for noko vakkert, men samstundes lett, noko som forsvinn utan spor. Antipoden er ein mystisk stad, i Kronstad sitt tilfelle er det ein plass ute i det sørlege Stillehavet. Å kjenne til den plassen, om enn berre teoretisk, er ei stadfesting av at jorda er rund. Kunnskap forvitras, den er ikkje så fast som vi trur. Kunnskap er avhengig av dialog og nye, gjentekne verifiseringar. Maskina som pustar ut såpeboblene, krev òg vedlikehald, driftsavdelinga sitt jamlege ettersyn må sjåast som ein del av kunstverket.

#### Varige veggar

Teikning er eit enkelt verktøy, men med evne til å formidle omfattande og komplisert innhald. Teknikken er gammal. Eldre enn dei fleste andre uttrykksformer vi kjenner til. Teikningane i hòlene i Lascaux er berekna til å vere laga for om lag 20 000 år sidan. Den kan trygt reknast til den varige kunsten. Teikning og måleri rører seg i tette nabolog, men det som ofte er ein særskild kvalitet ved teikning, er linja. Teikninga er ei forlenging av handa, av tanken. Praksisen er kjend av alle. Ein finger i sanda er tilstrekkeleg. Teikning er òg eit grep der store og små veggar kan gjerast om til kunstverk, direkte og gjerne av kunstnaren sjølv. Med dette som utgangspunkt sette vi av fire område for vegteikning.

Den største veggflata er i ein 60 meter lang korridor mellom parkeringsanlegget og driftsavdelinga, med inngang til kantinekjøken og toaletta for foajeen. Korridoren har ingen særtrekk, den er ein lang og anonym passasje. Men den eine sida er ei samanhengande veggflate. Veggen kan ikkje sjåast i sin heilskap. Den må heller tenkast på som ein skriftrull ein opnar når ein vandrar frå den eine til den andre enden. Nirmal Singh Dhunsi vann konkurransen vi lyste ut. Dhunsi utforma den samanhengande vegteikninga som ei vandrings i ein skog, under trekroner. Mellom og bak stammane kan ein sjå kjente figurar henta frå vestleg og austleg kultur, mellom anna dukkar øyra til ei kjend amerikansk mus opp, dei tre røvarane Kaspar, Jesper og Jonatan lurer mellom stammane, og det er mogleg å kjenne att guden Brahma, med sine tre hovud.

Dei andre kunstnarane som deltok i konkurransen, leverte alle sterke prosjekt. Vi inviterte Päivi Laakso og Kim Hiorthøy, i tillegg til ein nestor i feltet, Leonard Rickhard, til tre andre veggar, alle med ulike premissar. Ei veggflate i lesesalen, akustisk dempa med svarte perforerte metall-

In addition to the façade, the art committee arranged two other competitions, the first for the college plaza and lobby, the foyer. Of the submitted proposals, there was one that stood out as exceptional. The artist Ryan Gander actively referenced both the art plan and the school's values in his proposal *Katten på Kronstad* (The Cat at Kronstad). His project revolved around the idea of a cat living on the college grounds, which needs to be taken care of by a student. This involved provisions relating to the care of both the cat and the student, for the latter would be granted an allowance for looking after the former. The cat would live in a house specially designed by Gander, and should be free to roam anywhere across the campus. The proposal was an eye-opener that expanded the notion of cognitively and spatially challenging works. The simple device of a cat meant that we had to reassess the institution, the building, and relevant legal constraints. Our limitations were suddenly thrown into sharper relief. Extensive technical solutions would be needed to allow the cat to move freely throughout the campus, indoors and out. For a long while, the proposal was a clear favourite, and the committee invested considerable energy in trying to make it work. Unfortunately, the technical difficulties eventually proved too much. Even so, for the committee it was yet another revealing experience that persuaded us to look at the other suggestions in a different light.

The proposal that was ultimately chosen convinced in terms of its inquiring yet simultaneously playful approach to time and place. Lutz-Rainer Müller and Stian Ålandsvik proposed a work with three conceptually related parts: a lens composed of prisms that invert the image of the world outside, a lamp that projects a “sun” that wanders across a wall, from sunrise to sunset each day, in direct relation to the passage of the sun on the exact opposite side of the earth, and a machine that blows just a couple of soap bubbles out into the foyer every five minutes. In this modern project, which addresses the foundations of our perception, the lens is central to the way we view reality. The soap bubble is a *vanitas* symbol, a metaphor for something beautiful yet ephemeral, which vanishes without trace. As for the projection of the sun, this represents the terrestrial antipode of Kronstad, a place of mystery in a remote stretch of the southern Pacific Ocean. Our knowledge of that place, no matter how theoretical, is a confirmation of the earth's roundness. Knowledge is perishable; it is not as solid as we think. It depends on dialogue and constant, repeated verification. The machine that blows the soap bubbles also needs looking after, and the regular inspection by someone from the maintenance department must also be considered part of the artwork.

#### Permanent walls


For all its simplicity, drawing is a medium capable of conveying wide-ranging and complex content. It is an ancient technique, older than most other forms of expression we know of. The drawings in the caves of Lascaux are estimated to date back some 20,000 years. They can safely be described as enduring art. Drawing and painting are close relatives, but what is often seen as a distinguishing quality of drawing is the line. Drawing is an extension of the hand and of thought. It is a method familiar to everyone. A finger in the sand is all it needs. Drawing is also a medium that allows

platene som ikkje kunne dekkast til med meir enn nokre få prosent, vart Hiorthøy utfordra på. Han løyste det med figurar i kryssfiner, skorne ut og montert ein liten centimeter ut frå metallplatene, noko som tilfredsstilte Statsbygg sine strenge krav. Motiva er sett opp som ei visuell liste, ei vareoppstilling over ting ein omgjev seg med, eller val ein kan ta. Verket balanserer hårfint mellom det naive og det rå. Livet sine mange utfordringar, inklusive dei vi ikkje vil ha, som til dømes drap, er hos Hiorthøy lett karikert som i ein skitenrealistisk teikneserie.

Laakso fekk til rådvelde ei sosial sone mellom ingeniør- og læraravdelingane. Rommet er opent opp over to høgder, innreia med eit kompakt kjøken og småbord. Ei smal bru går tvers gjennom rommet i den 2. høgda.

walls large or small to be transformed into works of art, directly, and generally by the artist in person. With all this in mind, we picked out four surfaces for wall drawings.

The largest is a sixty-metre-long corridor between the parking facility and the operations department, with entrances to the canteen kitchen and the foyer toilets. Lacking in distinguishing features, the corridor is a long, anonymous passage. But one side is an unbroken wall surface. The wall cannot be seen in its entirety. It can be viewed instead as a scroll that gradually unrolls as one passes from one end to the other. Nirmal Singh Dhunsi won the competition to develop this space. Dhunsi designed a continuous wall drawing that evokes a walk in the woods beneath a canopy of trees. Between and behind the trunks, the viewer glimpses familiar figures from



Päivi Laakso i arbeid, juni 2014.

Laakso erobra både dette samansette rommet og ein nærliggande korridor med fargesterke skapningar. Hennar figurar rører seg i eit landskap prega av gamle mytar og segn, med eventyrlege kombinasjonar av dyr og menneske. Figurane strekkjer seg mellom golv og himling, uhindra av gravitasjonskreftene, leikar med faste installasjonar og gøymer seg under benkar og over skåp.

Leonard Rickhard kom til ei nær perfekt veggflate, eit liggande rektangel som svevar fritt ei høgd over golvet i kaféområdet. Utstyrt med akryltusj og eit rullestillas teikna Rickhard opp ein komposisjon av 40 einskilde ruter med motiv vi kjenner frå andre av verka hans: lett absurde maskiner, einslege menn, spartanske bygnader og køyreto. Heilskapen er organisert med klare tyngdepunkta, ikkje berre reint kompositorisk. Ei maskin trugar med å eksplodere nede i høgre hjørne, ein mann ropar ut i det tomme rommet i øvre venstre felt. Rickhard seier sjølv at det gode

Western and Oriental culture. Here it is the ears of a famous Disney mouse, there the three robbers Kaspar, Jesper and Jonatan, lurking among the trees, elsewhere the god Brahma, with his three heads.

All the other artists who took part in the competition presented strong proposals. Päivi Laakso, Kim Hiorthøy, and Leonard Rickhard – a heavyweight of the field – were invited to make proposals for three other walls, each with different constraints. Hiorthøy was assigned the challenge of a wall in the reading room, which was covered in an acoustic insulation of black perforated metal panels, no more than a few percent of which could be covered over. What he came up with was a series of figures cut from plywood mounted about a centimetre away from the panels, a solution that satisfied Statsbygg's strict requirements. The theme is a kind of visual list, an inventory of the things one surrounds oneself with or the choices one can make in life. The work strikes a fine



ornamentet trekkjer seg mot flata, ei betraktnig som alltid har interessert han. Veggteikninga kan studerast både frå golvplan og frå ei gangbru lokalisert på den andre sida av det dobbelthøge rommet.

Det siste veggarbeidet er Snorre Ytterstad ansvarleg for. Det er del av serien «overraskinger», verk som gøymer seg litt unna, som ein aktivt må sjå. Veggteikninga i idrettsbygget er utført med tannlegebor og eit modifisert kronestykke som han nytta til å sage eit opent spor i gipsplata, ein sirkel forma etter måla kroppen har med armane utstrekta, på kvar side av eit hjørne.

#### Lause verk: Samlinga

I 2010 var det ikkje vanleg praksis i KORO å handtere kunst eigd av andre. Men rektor Eli Bergsvik gjorde utvalet merksam på at høgskulen, før samlokaliseringa, eigde hundrevis av verk på høgskulen sine ulike campus. Den store og varierte kunstsamlinga imponerte, og vi tok den inn i kunstplanen. Samlinga er verdifull for institusjonen. Den inneheld verk henta frå historia til dei ulike fagområda og ikkje minst – den skalerer ned institusjonens tyngd og størrelse med varmen frå mange kunstarlege utforskingar.

Samlinga utgjer rundt 200 unike objekt, av desse er vel 150 frå samlinga høgskulen disponerte før flyttinga i 2014. Med monteringa på Kronstad er ambisjonen å bringe vidare det som mellom anna har vore lærarhøgskulens mål med si samling: å formidle kunst for skulens studentar. Ikke så uventa er menn tungt representert, med nokre få

balance between the naive and the raw. In Hiorthøy's hands, life's many challenges, including those we would prefer to avoid, such as killing, are gently caricatured like a kind of grubbily realistic cartoon.

The space assigned to Laakso was a communal area between the engineering and teacher-training departments. Open to a height of two floors, it contains a compact kitchen and small tables. It is transected by a narrow bridge that connects rooms on the upper level. Laakso took possession of both this complex space and a nearby corridor with an array of colourful creatures. These half-human half-animal hybrids move in a landscape suggestive of ancient myths and legends. Unhindered by the force of gravity, her figures are spread from floor to ceiling, playfully interacting with permanent fixtures, or hiding beneath benches and behind cupboards.

Leonard Rickhard was assigned an almost perfect wall surface, a horizontal rectangle suspended high above the floor of the café area. Equipped with acrylic marker pens and a mobile scaffold, Rickhard laid out a grid of forty rectangular fields, which he filled with elements familiar from his other works; slightly absurd machines, solitary men, spartan buildings and motorised vehicles. The overall work is organised with clear centres of gravity, not just in terms of composition. To the lower right, one machine is in danger of exploding, to the upper left, a man emits a shout into empty space. Rickhard himself says that good ornament always tends towards flatness, an observation that has always interested him. The wall drawing can be studied either from floor level or from a walkway located on the other side of the space.

unnatak. Eit mål er å utvide med verk av kvinner, og då gjerne med fleire verk av same kunstnar.

I monteringa valde vi å spreie kunsten, men samstundes markere den gjennom å krevje rom gjennom plassering. Samlinga er montert over heile campus, dei fleste verka i klynger. Nokre av desse klyngene er store, som den 20 meter lange veggen med 52 grafiske trykk i svart-kvitt eller den høge veggen salonghengt med 12 små og store måleri. Samanstillingsane viser at dei einskilde verka ikkje oppstod i eit vakuum, dei eksisterer i ein samanheng der dei deltek i samtalar med andre verk.

I kulturaksen – ei markert gangsono som går gjennom alle byggja frå studenthuset i nord til idrettsbygget i sør – er det samla måleri av Arne Ekeland, Eva Synnestvedt og Eva Winther-Larssen. Nokre fine silketrykk av Aase Kvigne Bjordal frå 60-talet fekk selskap av Per Kleiva på gangbrua til idrettshuset. I biblioteket er fargetrykka, av mellom andre Ludvig Eikaas, Inger Sitter, Sigurd Winge, Hanne Borchgrevink, Sigrid Szetu, Kjell Nupen, Sverre Wyller og Knut Rumohr, montert på svarte veggar langs smale bruer som dannar ei rytmisk kjede på tvers av kulturaksen. Mange av kunstverka i samlinga fekk plass på dei svartmåla veggane som ein finn i biblioteket og rundt trapperomma. På desse veggflatene lyser verka opp. Vi monterte òg verk av same kunstnar i lag. Slik vart dei betre verna av kvarandre.

Leonard Rickhard og Nirmal Singh Dhunsi donerte sjenerøst arbeidsteikningane sine til samlinga. Rickhard brukte skissene aktivt for å utforme veggteikninga, fundringane undervegs er notert på arka, ulike utgåver er sett opp imot kvarandre. Dhunsi sine 9 detaljerte teikningar, der heile den 60 meter lange veggen er delt opp og skalert ned, er montert slik at heilskapen, tilsvarande veggteikninga, heller ikkje kan sjåast på same tid.

Samlinga kan vise opp ei mengd grafiske trykk, mykje i svart-kvitt, frå slutten av 1940-talet fram til tidleg 2000, representert mellom anna av Palle Nielsen, Arvid Pettersen, Kristian Blystad, Ingvald Holmefjord og Ove Stokstad. Supplert med innkjøp av tre yngre kunstnarar er alle verka montert på den einaste verkeleg store veggflata på campus, i idrettsbygget. Stilt overfor mange små og mellomstore trykk som lett kunne drukna i kvarandre, valde vi å komponere strengt kronologisk, tett i tett, balanserande i ei rytmisk midtlinje. Veggen kan slik lesast som ein føjetong på ei tidsakse frå venstre til høgre. Det var fleire ting som kom fram gjennom dette valet. Til dømes kan ein no få auge på korleis fleire kunstnarar undersøkte mange felles visuelle og tekniske problemstillingar i same tidsperiode.

Dei fleste måleria var såpass ulike at der gjekk vi for salonghenging. Sentralt plassert på veggen er eit måleri av Arvid Pettersen, som med sine odde vinklar konstant uroar den salonghengde balansen. Vi supplerte med to verk, eit av Elin Brissman, ein detaljert studie av ein husvegg som snakkar både med det eldste måleriet i kolleksjonen, eit naturalistisk måla skip, og leilegheitsbygga i nabologat. I utkanten heng tre fotografiske arbeid av Vilde Røed. Ho brukar den fotografiske emulsjonen sin respons på lys og tid som målerisk metode, noko som trekkjer måleriet inn i ein anna teknologi.

Utvalet av kart og eldre prospekt og litografi med motiv frå arbeidslivet er hengd samla i to klyngjer knytt til ingeniørutdanninga. I tillegg til å vise korleis Bergen har

The last of the wall works is by Snorre Ytterstad. It is part of the “Surprises” series, less conspicuous works that call for active seeing. The wall drawing in the sports building is executed with a dentist’s drill and a modified one krone coin, which the artist used to cut an open groove in the plasterboard, a circle with a diameter corresponding to the dimensions of the body with outstretched arms, divided between two surfaces that meet to form a projecting corner.

#### Assorted works: The Collection

In 2010, it was not common practice for KORO to work with art owned by others. But in the run-up to the co-location, principal Eli Bergsvik pointed out to the art committee that the college owned hundreds of works at its various campuses. Impressed by this large and varied collection, the committee decided to integrate it into the art plan. The collection is valuable for the institution. It contains works relevant to the history of the various subjects taught at the college and, not least, its numerous artistic explorations have an intimacy that mitigates the institution’s otherwise ponderous size.

The collection consists of some 200 unique items, of which more than 150 are from the collection the college had amassed prior to the relocation in 2014. In displaying these works at Bergen Campus, the aim was to build on one of the original motivations for assembling the collection: to introduce students at the former teacher training college to art. Not surprisingly, most of the works are by men, with a few exceptions. One goal was to increase the representation of women, and preferably with multiple works by individual artists.

It was decided that these works should be spread around, albeit, for the most part, in clusters that require significant space. The collection is distributed across the entire campus. Some of the clusters are large, such as the fifty-two black and white prints that occupy a twenty-metre-long wall, or the twelve paintings of contrasted sizes arranged in a salon hanging on a high wall. These displays illustrate that the individual works did not arise in a vacuum, but exist in a context where they enter into dialogue with other works.

Scattered along the “culture axis” – a designated path that passes through all the buildings from the student house in the north to the sports building in the south – one finds paintings by Arne Ekeland, Eva Synnestvedt, and Eva Winther-Larssen. Fine silkscreen prints by Aase Kvigne Bjordal from the 1960s share space with Per Kleiva on the walkway to the sports hall. In the library one finds colour prints by, among others, Ludvig Eikaas, Inger Sitter, Sigurd Winge, Hanne Borchgrevink, Sigrid Szetu, Kjell Nupen, Sverre Wyller and Knut Rumohr, mounted on the black walls of the narrow bridges that rhythmically transect the culture axis. Many of the works in the collection found a place on the black-painted walls in the library and the stairwell. Against this background, the works light up. Works by the same artist were hung together, thus lending each other mutual support.

Leonard Rickhard and Nirmal Singh Dhunsi generously donated their working drawings to the collection. Rickhard made active use of this sketch material when developing his mural, noting his thoughts on the work process on the sheets and juxtaposing alternative possibilities for comparison. Dhunsi’s nine detailed drawings, which show the entire sixty-metre-long composition in miniature and divided

utvikla seg gjennom tida, fortel desse prospekta korleis det å skildre landskap har endra seg. Tre av trykka er av dei tidlegaste byprospekta vi kjänner i Noreg, basert på stikk av Hieronymus Scholeus, trykt første gong i 1588. Det same motivet har blitt attgjeven med variasjonar gjennom fleire hundre år. Til dømes er eit av trykka ein omarbeida variant frå 1657, no med rauda tak og oppdaterte skip i Vågen. Tidas tann kjem og fram i monteringsa. Scholeus-stikka er ofte handkolorerte og på godt papir. På andre prospekt i samlinga svinn fargen i kontakt med UV-strålar. Det er lett å sjå korleis forskjellige utgåver av same motiv har falma ulikt, avhengig av kor mykje dagslys dei har vore utsatt for.

